

VEDTEKTER – TILSKOT TIL YMSE JORD- OG SKOGBRUKSFØREMÅL

Vedtak av Hemsedal kommunestyre sak 51/20 i møte 07.05.2020

Generelle retningslinjer:

1. Søknadsfrist 1. mars.

2. Tiltaka er ikkje sett opp i prioritert rekkefylgje, men tilskot til nydyrking, grøfting og tiltak til investering på stølar med aktiv stølsdrift har 1. prioritet framfor andre søknadar ved tilskotsbeløp utover ramma. Ved behov for prioritering utover dette vert søkjarar som søker om produksjonstilskot prioritert. Om det er trong for ytterlegare prioritering vert dette lagt fram som utvalssak til Hovudutval for plan- og ressurs.
3. Overskriding av tilskotsramma skal ikkje førekoma.
4. For tiltak i punkt I tom. V og IX tom. XII skal søknaden fremjast etter at tiltaket er utført, og tilskot vert innvilga og utbetalt i etterkant. Søkjar skal legge dokumentert kostnad ved søknad om tilskot.
5. Tilskot til tiltak i punkt VI tom. VIII kan få innvilga tilskot i forkant av søknad. Er prosjektet påstarta må det opplysast om dette i søknaden. Tilskotet kan delutbetalast i tråd med framgang i tiltaket inntil 25% gjenstår som må haldast igjen til utbetaling ved sluttgodkjenning. Det er sett ein frist på 3 år frå innvilga tilskot til tiltaket må vera gjennomført. Etter denne fristen kan tilskotet bli inndrege.
6. Administrasjon av tilskotsordninga vert delegert til administrasjonen.
7. Hovudutval for plan- og ressurs vert orientert om vedtak etter forskrifta i form av meldingssaker på saklista.
8. Ved særlege høve kan krav sett i forskrifta avvikast dersom dette er godkjent av Hovudutval for plan- og ressurs.
 1. side 5 av 16
9. Vedtak etter forskrifta er enkeltvedtak, og kan påklagast i tråd med forvaltningslova kapittel VI.

I. Tilskot til fulldyrking

Tilskot til dyrking kan løyvast inntil bruket har 300 daa eigen fulldyrka mark. Samla tilskot til fulldyrking over ein treårs periode (dei to føregåande år + søknadsåret) for eit bruk skal ikkje overstige kr 100 000,-. Dyrkingsplanen må vera godkjent av landbrukskontoret, og skal seinare synfarast før sluttgodkjenning. Ved søknaden skal det ligge dokumentasjon som viser kostnaden til prosjektet. (Oppsett over totalkostnad vedlagt kopi av billag og timeliste for eige arbeid). Grøftekart som syner utført grøfting skal ligge ved.

Dyrkinga må ha ein dokumentert kostnad på meir enn kr. 5000,- pr. daa og omfatte meir enn 3 daa før tilskot kan gjevast. Tilskotet vert gjeve med kr. 4000,- pr. daa.

II. Tilskot til grøfting av tidlegare dyrka jord og beite

Grøfteplanen må vera på minst 3 daa for å kunne få tilskot. Høgaste godkjente kostnad for tidlegare grøfta mark er kr. 5000,- pr. daa. For beitemark kr 2500,- pr. daa. Tilskot kan gjevast med maksimalt 40% av godkjent kostnad. Samla kommunalt tilskot til grøfting over ein treårs- periode for eit bruk (dei to føregåande + søknadsåret) skal ikkje overstige kr. 75 000,-. Ein gjev ikkje tilskot til planar med røyr diameter på over 8 tommar.

Ved søknaden skal det ligge ved dokumentasjon som viser kostnaden til prosjektet. (Oppsett over totalkostnad vedlagt kopi av billag og timeliste for eige arbeid). Det skal også vera med

kart der grøftene er innteikna. Ved lukka grøfter skal det ligge ved bilete som syner tverrsnitt av grøfta med røyr og grøftemateriale før grøfta vert fylt igjen. Det skal ligge ved leigeavtale om grøftinga vert utført på leigd areal. Tiltaket vert sluttgodkjent ved dokumentkontroll. Om tiltaket også mottek statstilskot til grøftinga skal ikkje samla tilskot til tiltaket overstige 50% av faktisk kostnad.

III. Tilskot til fjerning av gamle beitegjerde i utmark

Tilskot til fjerning av gamle beitegjerde i utmark. Tilskotet vert gjeve til opprydding og fjerning av gamle beitegjerde (sperregjerde) som ikkje lenger er i bruk og er til fare for dyr og menneske. Tilskotet skal ikkje nyttast til fjerning av gjerde mot innmark for å setja opp nye eller til gjerdetiltak som vert vurdert som ein naturleg del av jordbruksdrifta, men til fjerning av gjerde i utmark mellom sameiger eller mellom enkelt eigedomar. Tilskotet kan utgjera maksimalt 50% av dokumentert kostnad. Høgaste tilskot for kvart prosjekt er kr. 20 000.

IV. Stipend til ungdom, og andre frå Hemsedal som ønskjer å utdanne seg innafor landbruket.

Det kan gjevast stipend til ungdom og andre frå Hemsedal som utdannar seg innafor landbruket (vidaregåande skule), og som har bestått VG2, påbyggingsår med landbruk etter allmennfaglig studieretning eller tilsvarande. (Td: 1 årig agronomkurs, også agronomkurs for vaksne) Kvar einskild søkjar kan motta stipend ein gong, maksimalt kr. 15 000 pr. søkjar. Det er eit krav at utdanninga primært er retta mot tradisjonell landbruksdrift. Utdanning særleg retta mot utmarksfag og landbruksretta attåttnæringar kjem også innunder ordninga. Tilskotet kan søkjast om etter at utdanninga er fullført (og seinast 2 år etter gjennomført utdanning) og vitnemål som syner fullført/bestått utdanning skal ligge ved søknaden.

V. Vasskvalitet på gardsbruk med husdyrproduksjon / foredling.

Bruk som ikkje har godkjent vatn heime eller på stølen kan søkje om tilskot til tiltak som fører til godkjenning frå Mattilsynet. Tilskot kan gis med inntil 25% av godkjent kostnad. Høgaste tilskot for kvart prosjekt er kr. 20 000.

side 6 av 16

VI. Ombygging av driftsbygningar til bruk i tilleggsnæring

På dette tiltaket kan ein søke om tilskot før tiltaket er utført. Om tiltaket er starta opp må dette omtalast i søknaden. Det er eit krav at tiltaket er i tråd med kommuneplan, eller at det er søkt og gjeve dispensasjon frå denne. Kostnadsoverslag med plan for drifta, som viser forventna økonomi dei tre første driftsåra skal ligge ved. Tilskot kan gis med inntil 25% av godkjent kostnadsoverslag. Høgaste tilskot til kvart prosjekt er kr. 30 000,-. Sjå meir informasjon i generelle retningslinjer til ordninga punkt 5.

VII. Foredling av råstoff frå lokalt landbruk

På dette tiltaket kan ein søke om tilskot før tiltaket er utført. Det kan gis tilskot til prosjekt som går ut på foredling av råstoff frå lokalt landbruk. Om tiltaket er oppstarta må dette omtalast i søknaden. Det er eit krav at tiltaket er i tråd med kommuneplan, eller at det er søkt og gjeve dispensasjon frå denne. Slike prosjekt vil ofte vera store, og er søknadar som også er fremma til Innovasjon Norge. Det kommunale tilskotet er i fyrste rekke tenkt til forprosjekt for småskalaproduksjon av mat. Kostnadsoverslag med plan for drifta som viser forventna økonomi dei fyrste tre åra skal ligge ved. Tilskotet kan gis med inntil 25% av

godkjent kostnadsoverslag. Høgast tilskot for kvart prosjekt er kr. 30 000. Sjå meir informasjon i generelle retningslinjer til ordninga punkt 5.

VIII Kommunalt tilskot til investering i samband med støling.

På dette tiltaket kan ein søke om tilskot før tiltaket er utført. Tilskotet kan gjevast til investering i fast driftsapparat og driftsbygning. Det skal vera stølar med mjølkeproduksjon som er i tråd med RMP (Regionalt miljøtilskot) sine retningslinjer for å få stølstillskotet. Tilskot kan ytast med inntil 25% av godkjent kostnadsoverslag, og tilskotet skal ikkje overstige kr. 30 000. Sjå meir informasjon i generelle retningslinjer til ordninga punkt 5.

IX Tilskot til Utmarksoppsyn barmarksesong

Tilskotet skal bindast opp til oppsyn i barmarksesong. Tilskot kan gis etter årleg søknad med rapport frå barmarksesongen motteke av kommunen seinast 1. desember same år. Tilskotet kan gis med inntil kr. 30 000,- pr. år.

X Tilskot til vedlikehald av skogsvegar med fokus på auka nedbør og erosjon.

Godkjente skogsvegar (ikkje nødvendigvis bilstandard) kan få tilskot til grøfting/grøfte-rensk ta igjen og/eller bytte stikkrenner for å førebygge problem med auka nedbør og erosjon i utmark. Tilskot kan gis til tiltak med ein kostnad over kr 5000. Tilskot kan gjevast med inntil 25% av dokumentert kostnad, og med maksimalt kr. 20 000,- pr. tiltak.

XI Tilskot til skogplanting og ungskogpleie

Kommunen sitt tilskot er kr. 1 pr. utsett plante. Tilskot til utført ungskogpleie er kr 100/daa. Tiltaka skal dokumenterast med kart og/eller teig og bestandsnummer i skogbruksplan. Tilskotet går i sin heilskap tilbake til skogeigaren sin skogfondkonto. Samla tilskot til eit enkelt bruk skal ikkje overstige kr. 20 000 pr. år.

XII. Andre viktige tiltak for landbruket

Det kan i særskilte høve gis tilskot til tiltak som vert vurdert til å vera viktige for landbruket i Hemsedal i tråd med vedteken næringsplan. Fellestiltak kan koma inn under dette punktet. Eit anna eksempel er kurs i samband med eigeidomsverdraging. Dokumentert kostnad skal ligge ved. Tilskot kan gis med inntil 50% av godkjent kostnad. Høgste tilskot til kvart prosjekt er kr. 20 000,-.